

Retningslinjer for bruk av næringsfondet i Lom kommune

Vedtatt av kommunestyret 22.06.2017
Godkjent av Fylkesmannen i Oppland 07.07.2017

Innhold

1	Bakgrunn.....	2
2	Generelle retningslinjer for tilskot.....	2
3	Prioriteringar	3
3.1	Nyetableringar	3
3.2	Varehandel og tenesteytande næringer	3
3.3	Transport, bygg og anlegg.....	3
3.4	Industri.....	3
3.5	Reiseliv	4
3.6	Arrangement.....	4
3.7	Støtte til skredfarevurdering for private aktører.....	4
3.8	Landbruk.....	4
3.8.1	Driftsbygninger i landbruket	4
3.8.2	Fellestiltak i landbruket	4
3.8.3	Nydyrking.....	5
3.8.4	Kjøp av mjølkekvote	5
3.8.5	Beiterydding	5
3.8.6	Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg	5
3.8.7	Etableringstilskot ved nyetablering på gardsbruk.....	5
3.9	Skogbruk	6
3.9.1	Avverking.....	6
3.9.2	Drift i mellomvanskeleg terreng.....	6
3.9.3	Skogbruksvegar	6
4	Samarbeid med andre finansieringsaktører	7
5	Utbetalingsrutinar og reglar for eigeninnsats	7
6	Klage.....	7

1 Bakgrunn

Retningslinjene er utforma med utgangspunkt i:

- Rundskriv H – 1/ 11: Rundskriv om standardvedtekter for kommunale næringsfond gitt i vannkraftsaker (kraftfond og hjemfallsfond)
- Standardvedtekter for bruk og forvaltning av kommunalt næringsfond i Lom kommune

2 Generelle retningslinjer for tilskot

Støtte kan gjevast i form av tilskot. Søknadane må primært fremmast før tiltaket er sett i verk.

Tilskotet skal normalt ikkje utgjere meir enn 30 % av totalkostnaden på private tiltak.

Ved nyetableringar, fellestiltak og andre særleg gode tiltak kan det gjevast inntil 50 %.

Summen av offentlege tilskot til private tiltak bør ikkje overstige 50% av totalt kostnadsoverslag.

Nivået på tilskotet skal vurderast ut i frå sysselsettingsverdi, vekstpotensial og positive ringverknadar.

Tiltak med vekstpotensial i eit regionalt, nasjonalt eller internasjonalt marknad vil ha høg prioritet.

Eit hovudprinsipp er å unngå å støtte opp om lokal konkurransevriding. Forretningsidear som bidreg til nye tilbod kan prioriterast sjølv om kundegrunlaget er lokalt.

Det vil telle positivt dersom eit tiltak har fokus på miljøvenlege løysningar.

Det er primært verksemdar lokalisert og registrert i Lom kommune som kan få tilskot frå kommunalt næringsfond. Unntak kan gjerast der tiltak i andre kommunar kan gi klare positive ringverknadar for Lom.

Næringsfondet skal ikkje nyttast til løpande drift. Det bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Sjå standardvedtekter for meir info.

Kva kan støttast? (sjå egne reglar for landbruk og skogbruk).

Kompetanseheving: Tilskot til kompetanseheving vert prioritert i dei tilfella verksemda gjer eit kompetanseløft som krev betydeleg ny opplæring eller kvalifisering hjå dei tilsette. Støtte til løpande fagleg opplæring er ikkje prioritert. Det er kostnadar knytt til kursavgift, reise, opphald og dokumenterte lønnskostnadar som kan dekkjast, ikkje kostnadar knytt til tapt arbeidsforteneste.

Bedriftsutvikling: Marknadsundersøking, kartlegging, produktutvikling og profilering kan få tilskot der det er ein del av ei større satsing, t.d. satsing mot ei ny målgruppe eller lansering av nye produkt.

Kommunale tiltak: Næringsfondet kan brukast til kommunale utviklingstiltak, t.d. omdømmeprojekt, infrastruktur- eller stadsutviklingstiltak som bidreg til å oppnå målsetningane ved bruk av kommunalt næringsfond.

Fysiske investeringar som kan gi ringverknadar i form av t.d. eit nytt marknad, auka sysselsetting og sesongutviding kan bli støtta. Det er visse investeringar som uansett ikkje får støtte.

Dette er:

- Kjøp eller bygging av ein eigedom. Ombygging av t.d. kontorfellesskap kan støttast i særlege tilfelle, som eit ledd i ei satsing på å tiltrekke seg fleire arbeidsplassar.
- Kjøp og leasing av motoriserte køyretøy, datamaskin, nettbrett, mobiltelefon o.l.
- Rein utskifting av eksisterande maskinpark / utstyr
- Tilrettelegging av eigen bustad til næringsføremål

Sjå elles meir informasjon under kvar enkelt næring.

3 Prioriteringar

3.1 Nyetableringar

Det er ynskjeleg å støtte opp om nyetableringar dersom dette tilfører nye tilbod og vekst i det samla næringslivet. Eit oppstartstilskot til nye verksemder har vanlegvis vore på rundt kr. 30 000, men dette må vurderast ut i frå eit samla kostnadsoverslag. Tilskotet kan nyttast til normale kostnadar knytt til etablering, t.d. registrering, profilering, kartleggingsarbeid, investeringar.

Det vert ikkje prioritert å gje oppstartstilskot der ei verksemd får ny eigar, men går vidare utan vesentlege endringar.

3.2 Varehandel og tenesteytande næringar

Det er allereie stor lokal konkurranse innanfor varehandel i Lom, og kommunen vil derfor vere restriktiv med å gi tilskot i denne bransjen: Unntaket er nisjebutikkar som bidreg til å løfte Lom som handelsstad, der etableringa ikkje går i direkte konkurranse med eksisterande verksemder, eller der kommunen finn at det er tydeleg underdekning i marknaden.

Tenesteytande næringar er i vekst på landsbasis, og kan gjerne ha ein regional eller nasjonal marknad. Kommunen kan støtte opp om etablering av slike dersom det bidreg til nye tenestetilbod lokalt og har eit klart vekstpotensial. Døme på slike næringar er t.d. innanfor arkitektur, IKT, design etc. Kompetanse må dokumenterast og kundegrunnlag må sannsynleggjerast i ein søknad.

3.3 Transport, bygg og anlegg

Her er det også stor lokal konkurranse, og kommunen vil derfor vere restriktiv med å gi tilskot i desse bransjane. Det kan gjerast unntak ved særleg gode tiltak eller forretningsidear som kan bidra til nye tilbod. Fellestiltak som kjem mange til gode kan få kommunal delfinansiering.

3.4 Industri

Kommunen ynskjer å støtte opp om verksemder med gode / unike forretningsidar som har vekstpotensial, så sant det ikkje bidreg til lokal konkurransevriding. Fellestiltak som kjem mange til gode kan få kommunal delfinansiering.

3.5 Reiseliv

Samarbeidstiltak i regi av eit overordna destinasjonsselskap blir prioritert.

Det kan også gjevast tilskot til trafikkskapande enkelttiltak som gjev særlege ringverknader for anna næringsliv. Særleg på aktivitet- og attraksjonssida er det viktig å få fram nye produkt og vidareutvikle eksisterande.

Utbygging av senge- og serveringskapasitet på enkeltbedrift blir ikkje prioritert på grunn av stor lokal konkurransevriding.

3.6 Arrangement

Lom kommune kan gi tilskot til etablering eller vidareutvikling av arrangement der dette primært er lokalisert i Lom eller gir store ringverknadar for Lom. Kommunen vil prioritere arrangement som tenkjer innovativt / nyskapande, har privat eller friviljug eigarskap og eit kommersielt fokus som bidreg til lokal verdiskaping og sysselsetting.

For å stimulere til heilårsturisme vil det telle positivt dersom arrangementa blir lagt i skuldersonsengane vår, haust og vinter.

3.7 Støtte til skredfarevurdering for private aktørar

I byggesaker for vidare utvikling av etablerte bebygde eigedommar kan tiltakshavar søkje kommunen om tilskot for medfinansiering av fagleg skredfarevurdering utført av geolog. Eit eventuelt tilskot er avgrensa til maksimalt kr. 10.000 pr. søkjar, og kan ikkje utgjera meir enn 25 % av dokumentert kostnad.

Enklaste førebyggjande tiltak er å unngå bygging i registrerte fareområde. Tilskot for å avklare moglegheiter for nyetablering i slike område kan ikkje påreknast.

3.8 Landbruk

Retningslinjene for landbruket gjeld for prosjekt og tiltak knytt til landbrukseigedommar i Lom kommune der det føregår landbruksproduksjon som næring.

3.8.1 Driftsbygningar i landbruket

- Ordninga gjeld bygningsmessige utbetringar på driftsbygningar som er naudsynnte av omsyn til gardsdrifta heime og på setra. Det kan ikkje gjevast tilskot til bustadhus o.l.
- Maksimalt tilskot er kr 75 000,- / inntil 25 % av kostnadsoverslaget. Min. kostnad på tiltaket vert sett til kr. 100 000,-.
- Det kan ikkje gjevast tilskot frå IBU-ordninga og kommunalt næringsfond til same tiltak.
- Som ein generell regel gjeld ei bindingstid på fem år. Dersom den sjølvstendige landbruksdrifta blir avvikla innanfor denne tida skal som hovudregl tilskotet attendebetast, redusert med 20 % pr. år.

3.8.2 Fellestiltak i landbruket

- Tilskot kan gjevast til fellestiltak og andre prosjekt som kjem landbruksnæringa til gode, t.d. skogbruksplanlegging, tiltak i regi av Norsk Landbruksrådgiving eller aktivitet i beitelaga.
- Inntil 30% tilskot av kostnadsoverslag.

3.8.3 Nydyrking

- Det kan gjevast tilskot til fulldyrking.
- Maksimalt kr. 2500 pr. daa / inntil 30 % av kostnadsoverslaget. Minsteareal 1 daa.
- Arealet må vera skikka til føremålet, og det skal takast omsyn til verdiar i kulturlandskapet. Verdifulle areal dokumentert som A, B eller C- område jf. DN-handboka og krav til naturtypar, skal ikkje fulldyrkast.
- Tilskot kan ikkje løyvast før plan for nydyrking er godkjent av kommunen, jf. forskrift om nydyrking av 2.mai 1997

3.8.4 Kjøp av mjølkekvote

- Tilskot kan gjevast til kjøp av mjølkekvoter frå staten eller privat
- Maksimalt kr. 3500 pr. søkjar, inntil 50 % av kostnaden
- Forenkla handsaming av søknaden ved framlegg av kvittering

3.8.5 Beiterydding

- Det kan gjevast tilskot til beiterydding for å halde kulturlandskapet ope.
- Maksimalt kr. 1000 pr. daa. / inntil 30 % av kostnadsoverslaget. Minsteareal 2 daa.
- Følgjande kan takast med i overslaget: overflaterydding, fjerning av busk og kratt, grøfing, gjerde utan piggtråd.
- Arealet må vera skikka til føremålet. Det skal takast omsyn til kulturlandskapet. Det blir sett vilkår om skjøtsel ved slått eller beite.

3.8.6 Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg

- Det kan gjevast tilskot til fast vatningsanlegg (restaurering av gamle vassvegar, damanlegg og nytt vatningsanlegg).
- Det blir ikkje gjeve tilskot til vatningsvogn og anna spreieutstyr.
- Det skal takast omsyn til kulturlandskap og kulturminne.
- Fellestiltak for omlegging til naturleg trykk vil bli prioritert.
- Inntil 30% av kostnadsoverslaget.

3.8.7 Etableringstilskot ved nyetablering på gardsbruk

- Det kan søkjast om inntil kr. 30.000 for nyetablering av husdyrhald på landbrukseigedommen ved kjøp eller overtaking av landbrukseigedom
- Ny eigar må ved tinglysingstidspunkt vera under 35 år
- Nyetableringa må gi grunnlag for produksjonstilskot innan rimeleg tid og oppfylle kravet om «vanleg jordbruksproduksjon». I dette ligg m.a. at produksjonen må ha eit «næringsmessig preg».

- Det må ha vore opphald av dyrehald på landbrukseigedommen i minst fem år.
- Det må leggest fram ein enkel plan for drift og framtidsplaner for landbrukseigedommen. Planane vil bli vurdert opp mot produksjons- og driftsgrunnlaget på garden.

3.9 Skogbruk

3.9.1 Avverking

- Det blir gjeve inntil kr. 40 pr. m³ i tilskot til avverking.
- Avverkinga må vere i samsvar med «Norsk PEFC Skogstandard», og tilfredsstillende «Forskrift om berekraftig skogbruk».
- Virket skal vere levert for sal, dvs. at det skal vere registrert i VSOP.
- Tilfredstillande forynging av arealet er eit vilkår for å få tilskot.

3.9.2 Drift i mellomvanskeleg terreng

- Det blir gjeve inntil kr 60,- pr. m³.
- Tilskot blir berre gjeve i område som er avsett til landbruksføremål i arealplanen og som fortsatt skal brukast til skogbruksføremål.
- Lilengda må vere minst 50 meter og ha gjennomsnittleg helling minst 40 % (areal inntil 3 daa med mindre helling innanfor driftsområdet kan inngå når dette må drivast saman med det bratte området).
- Ordninga gjeld for motormanuell drift med traktor og vinsj.
- Tilskot kan gjevast til rundvirke av gran og furuvirke som er levert til sal og innrapportert til VSOP-basen. Minste kvantum er 40 m³.
- Drifta skal førehandsgodkjennast av kommunen, som skal kontrollere at driftene ikkje medfører risiko for skadeleg miljøpåverking eller fare for flom/erosjon/skred med betydeleg skadepotensial.
- Det skal ikkje gjevast tilskot som fører til urasjonelle løysingar for framtidige drifter eller veganlegg.
- Det er eit vilkår at det vert sørgja for tilfredsstillande forynging av hogstfeltet.

3.9.3 Skogbruksveggar

Reglar for tilskotet:

- Tilskotet gjeld både nybygging og ombygging av eksisterande veg. Ved ombygging er det krav at vegstandarden skal hevast minst ei vegklasse etter Landbruks- og matdepartementets normaler for landbruksveier .
- Vegen skal vera planlagt av fagfolk og godkjent i alle instansar før tilskot kan løyvast.
- Minste tilskotsgrunnlag er kr. 10 000,-. Det kan gjevast tilsegn om inntil 30 % av kostnadsoverslaget, maksimalt kr. 30 000 pr. veganlegg.
- Det er eit vilkår at interessentane held vegen ved like.

4 Samarbeid med andre finansieringsaktørar

Næringsfondet skal nyttast etter at andre finansieringsmoglegheiter er vurdert. Dette gjeld særleg ordningar gjennom Innovasjon Norge. Kommunalt næringsfond kan og nyttast til samfinansiering ved særlege høve.

Næringsarbeidet i Lom kommune skal vere i samsvar med internasjonalt regelverk som Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet. Dersom ei verksemd kjem innanfor reglane for bagatellmessig støtte i EØS-reglane kan dei ikkje få tilskot eller andre økonomiske subsidiar frå det offentlege på over 200 000 euro i ei periode på tre rekneskapsår. For støtte til vegtransportsektoren gjeld eit lågare støttetak på 100 000 euro over tre rekneskapsår.

5 Utbetalingsrutinar og reglar for eigeninnsats

For enkeltpersonføretak kan kommunen godkjenne ein timesats på inntil kr. 200 pr. time / kr. 400 pr. time med traktor og anna tilsvarande reiskap.

For aksjeselskap og andre selskapsformar kan «eigeninnsats» frå personar tilsett i verksemda inngå som ein del av kostnadsgrunnlaget, så sant dette er avtalt lønn som blir ført i rekneskapan. Tiltak med behov for eksterne tenester vil bli prioritert høgare enn eigeninnsats.

I utgangspunktet blir tilskotet utbetalt etter at tiltaket er gjennomført. Ved løyvingar over kr. 20 000 og ved nyetableringar kan det gis ei delutbetaling på inntil 75 % etter avtale.

Gjennomført arbeid eller dokumenterte kostnadar må synleggjerast før utbetaling. I tillegg kan kommunen be om ei synfaring eller ein stutt rapport.

6 Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak som følgjer Forvaltningsloven og kan klagast til Lom kommune. Klagefristen er tre veker rekna frå dagen vedtaket kom fram til adressaten.

Kommunestyret er klagenemnd. Når det påklaga vedtaket er handsama av kommunestyret er departementet klageinstans. Dette er delegert til fylkesmannen.